

Til Alver kommune. v/Kjartan Medås.

Svar på dykkar brev av 22.11. 21 vedk. Dykkar førebels svar på søknad om frådelling av parsell frå gnr. 351 bnr. 13 i Meland.

Til pkt. 1 i dykkar brev: Det er ikkje kome nokon merknad frå naboar.

Pkt. 2. Det er søkt om utvida bruk av aktuell parsell. Til denne vegavkøyringa er det frå før om lag 20 parsellar/eigedomar tilknytt. Sannsynlegvis har berre eit fåtal av desse fått krav om og gitt utvida bruk av denne fellesavkøyringa. Slik sett burde vegen vore ein off. veg. Reknar med at slik utvida bruk er kurant.

Til pkt. 3. Vedlagd føl kart som syner mogeleg tilkopling til kommunal vassleidning i kommunal kum. Ein reknar med at tilkopling til off. vassleidning vil vera uproblematisk når dette blir aktuelt ved bygging på tomta. Reknar og med at kommunen her om naudsynt kan gi førehandsgodkjenning for tilkopling som ein del av søknad om frådelling.

Til pkt 4. Vedlagd føl kart som syner mogeleg avlaupsutslepp til sjø i to alternativ. Begge kan nyttast.

Ein reknar med at skissert løysing kan nyttast når det blir aktuelt med utslepp i samband med bygging på parsellen. Dersom det er naudsynt med førehandsløyve for slikt utslepp reknar ein med at kommunen kan gi dette som ein del av søknaden om frådelling.

Vedk. pkt 5 vil aktuelle vegrettar, grøfter og leidningar gå over hovudbruket som parsellen blir skilt frå og at slike rettar vert ordna saman med overdraging av tomt .

Vonar at desse opplysningane er tilfredstillande svar på dykkar brev datert 22.11.21.

Frekhaug 29.11. 21

Mvh.

Jens Bjorda.l

Ansv. Søkjar.

Kopi: Jostein Eldøy.